



Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Reinheimen  
**Møtested:** Teams  
**Dato:** 30.10.2024  
**Tidspunkt:** 13:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 47/2024	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 48/2024	Orienteringar		
ST 49/2024	Referatsaker		
ST 50/2024	Delegerte saker		
DS 56/2024	Delegert vedtak - Finndalen LVO - endring av vilkår - dispensasjon - 2024 - uttak av lausmassar i Lauva sitt utløp - Finndalsvegen SA		2024/8462
ST 51/2024	Romsdalen LVO - dispensasjon - 2024 - tak over veranda - Vermedalen - 72/13 - Bjørnar Skalstad Pedersen		2024/9060
ST 52/2024	Finndalen LVO - dispensasjon - 2024 - utviding seterfjøs - Sterringen - Arild og Mona Fallinggen		2022/7731

**ST 47/2024 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar**

**ST 48/2024 Orienteringar**

**ST 49/2024 Referatsaker**

**ST 50/2024 Delegerte saker**

**DS 56/2024 Delegert vedtak - Finndalen LVO - endring av vilkår - dispensasjon - 2024 - uttak av lausmassar i Lauva sitt utløp - Finndalsvegen SA 2024/8462**



Arkivsaksnummer: 2024/9060-6

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 23.10.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	51/2024	30.10.2024

## Romsdalen LVO - dispensasjon - 2024 - tak over veranda - Vermedalen - 72/13 - Bjørnar Skalstad Pedersen

### Innstilling frå forvaltar

Med heimen i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3 punkt 1.3. bokstav c, får Bjørnas Skalstad Pedersen dispensasjon til å forlenge takutspringet sitt på hytte i Vermedalen.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Takutspringet kan utvidast med 60 cm ut frå eksisterande tak i sørvest, i same breidde, takvinkel og mønehøgde som eksisterande tak.
- Det påbygde taket skal gå over eksisterande terrasse utanfor inngangsdøra på hytta.
- Takutspringet skal ha same materiale og farge som eksisterande tak.
- Frist for tiltaket inkludert opprydding er sett til 01.12.2025.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Søknad på e-post frå Bjørnar Pedersen 04.09.2024.

### Saksopplysningar

Forvalter vil informere om at medeier av hytta Bernt Elve Gjelsten er i forhold med forvalters svigerinne.

Forvalter har diskutert habilitetsforholdet i denne saka med næraste leiar og vurderer det slik at forvaltar ikkje er inhabil i denne saka.

**§ 6.(habilitetskrav).**

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

- a. når han selv er part i saken;
- b. når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;

Svigerinne ikkje er part i saken, kun i eit forhold til medeigar.

## Søknaden

### Søknad om forlengelse av taket med 60 cm mot sør

Jeg har ei lita bu i Vermedalen på eiendom 72/13 som jeg eier sammen med Bernt Elve Gjelsten. Den lille verandaen har bare delvis tak, se illustrasjon 3 neste side. Så det regner og snør inn på verandaen – som er det eneste stedet det er mulig å tørke ved. Det samles store mengder snø i området (illustrasjon 2). Derfor ønsker jeg å forlenge taket med 60 cm mot sør slik at verandaen stort sett blir beskyttet mot nedbør.

Nåværende og ønsket situasjon er vist på illustrasjon 3 og 4 på neste side.

Pga de store snømengdene (illustrasjon 2) må solcellepanelet plasseres høyt oppe som vist på illustrasjon 4.



Illustrasjon 1: Bua er på rødt merke



*Illustrasjon 2: Store snømengder om vinteren*





*Illustrasjon 3, sett fra øst: Nåværende situasjon til venstre og ønsket til høyre.*



*Illustrasjon 4, sett fra syd: Nåværende situasjon til venstre. Ønsket til høyre.*

Omtrentlige mål for hytta mi på eiendommen 72/13 Rauma kommune





## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

### Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. *å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet.* Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formålspunkt.

*Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.*

Romsdalen landskapsvernområde er i medhald av verneforskrift § 3 pkt. 1.1 verna mot inngrep;

*Området er verna mot inngrep som kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, (,,,,,,). Opplistinga er ikkje uttømmande.*

I § 3 pkt. 1.3. c, opnar forskrifta for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.

### Forvaltningsplan

Forskrifta er vidare forklart slik i forvaltningsplanen;

***Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c*** *Det kan etter søknad gjevast løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter. For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m<sup>2</sup> (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks. 3 bygningar.*

### Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

### Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

### Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for

vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Tiltaket gjeld eksisterande hytte som ligg ved Stavemstølen i Vermedalen. Det er ikkje seterdrift i området i dag, men både seterkvever og seterbygningar er viktige verdiar for kulturlandskapet her. Det er hytter i området, og i følgje verneområdeloggen er det registrert totalt 170 byggverk i Romsdalen verneområde, der det i Vermedalen er registrert ca 30 private hytter/anneks. Hytta som er omsøkt ligg ikkje på seterstølen, men er gøymt bak ein skog som ligg mellom hytta og seterstølen.

Føremålet med ombygginga er å skjerme inngangen for snø om vinteren og kunne oppbevare tørr ved på terrassen. Endringane i takkonstruksjonen vil ikkje endre bruken av hytta, da det totale arealet på hytta skal være det same som etter ombygginga, ca 16 m<sup>2</sup>.

Det er av praktiske grunnar ein fordel å forlengje takutspringet slik at det dekker terrassen, og det vil heller ikkje skjemme fasaden. Ombygginga som det er søkt om synest å vera godt tilpassa eksisterande hytte og det er natuleg at takutspringer dekker den lille terrassen utanfor inngangsdøra. Det er viktig at takutbygget er av same type som det opprinnelege, slik at det ikkje skjemmar fasaden.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12. Det er god nok kunnskap om området til å vurdere søknaden, jf. § 8 (kunnskapsgrunnlaget) og § 9 (føre-var-prinsippet) vert ikkje tatt i bruk. Tiltaket er såpass lite at det ikkje vil føre til uheldege konsekvensar om fleire hytteeigere vil søke om det same jmf. § 10 (Økosystemtilnærming og samla belastning). § 11 (Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar) og § 12 (Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode), er vurdert til å ikkje vere relevant.

Det omsøkte tiltaket vil ikkje føre til auka bruk eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneføremål. Vilkår vil kunne avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane i området.



Arkivsaksnummer: 2022/7731-6

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 21.10.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	52/2024	30.10.2024

## Finndalen LVO - dispensasjon - 2024 - utviding av tilbygg på seterfjøs - Sterringen - Arild og Mona Falling

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i Finndalen landskapsvernområde §3, pkt. 1.3, c) får Arild og Mona Falling dispensasjon til å utvide tilbygget på seterfjøset med ytterlegare 6 meter på Sterringen seter, gnr. 159/1, f.nr.84.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Tilbygget på seterfjøset kan utvidast med 6 meter mot aust, i same breidde, og med lik mønehøgde og takvinkel som på eksisterande seterfjøs. Målt utvendig blir det eit areal på 18 m x 6 m.
- Seterfjøset med nytt tilbygg vil kunne ha eit totalareal på inntil 180 m<sup>2</sup>, målt utvendig.
- Tilbygget kan fundamenterast med støypt ringmur / bunnplate.
- Tilbygget skal ha same fasade som eksisterande fjøs med ståande utvendig bordkledning, som påførast mørk brunfarge som på eksisterande seterfjøs.
- Det kan settast inn totalt 11 nye vindauger og 2 nye dører på tilbygget, som på vedlagde skisse.
- På sørsida av taket på tilbygget kan det leggest 20 nye solcellepanel, slik at det totalt blir inntil 32 solcellepanel på sørsida av taket.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til 01.10.2026.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.09.2022, Sak ST 35/2022 – *Dispensasjon til tilbygg på seterfjøs*.
- Søknad med nye skisser om utviding av seterfjøs, frå Arild og Mona Falling, e-post 27.09.2024

## Saksopplysningar


### Søknaden

Arild og Mona Fallingen fekk 23.09.22, i sak 35/2024, dispensasjon til å bygge på seterfjøset for starte opp med mjølkeproduksjon på setra. Siden dei skal bygge inn kraftforsiloen og har auka dyretalet til 280 geiter vil det i følgje søknaden vera behov for større seterfjøs. Det er derfor søkt om ei ytterlegare utviding av seterfjøset med 6 meter, og i ny søknad står det følgjande:

*Før bygging har vi sett oss nødt til å utvide sæterfjøset, da vi må bygge inn kraftforsiloen og antall melkegeiter har økt betraktelig. Vi har nå en geitmelkevot på 129000 liter, og kommer til å ha ca.280 geiter med påsett.*

*Vi har også bestemt oss for plastgulv med gjødseltrekk under for å klare å holde det tørt hos dem. Fjøset blir ikke større enn det må være men med plastgulv går dette bra.*

*Det blir derfor fasadeendring mot øst da vi ikke trenger port for å kjøre ut talle..*



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

### Verneformål – forskrift

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og

ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til

*b) oppføring av nødvendige bygningar til jordbruks- og seterformål.*

*c) ombyggingar og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.*

### **Forvaltningsplan**

I forvaltningsplan, kap 9.3, frå s. 126, står det følgjande om byggeskikk, nybygg og tilbygg:

#### **Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c.**

*Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval*

*Byggjeteknikk*

*Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor.*

*Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet.*

#### **Nye bygg for jordbruks- og seterformål § 3, pkt 1.3, b**

*Bygg for jordbruks- og seterformål omfattar dei formål og bygningar som til kvar tid inngår i gjeldane seterforskrift til fjellova. Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta tillate oppført nye bygg for jordbruks- og seterformål. Nye bygg for jordbruks- og seterformål skal innafor ei forsvarleg økonomisk ramme, utformast i tråd med den tradisjonelle byggjeskikken, men likevel tilpassast gjeldande byggtekniske krav og nyare driftsmessige behov. Nye bygg skal plasserast i terrenget slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet. Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruer og klopper) som er nødvendige til jordbruksformål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.*

#### **Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c**

*Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.*

*For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.*

*Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 9.6.2).*

-----  
*Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.*

### **Naturmangfaldlova**

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

### **Presedens**

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er mellom anna å - «ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.»

-----

Kulturlandskap som blir skjøtta på tradisjonelt vis går attende i Noreg, og oppstart av mjølkeproduksjon på setre er svært sjeldan. Alle dei kulturpåverka naturtypene er klassifisert som trua på Norsk raudliste for naturtyper, jf. Hovstad mfl. 2018. Dei kulturpåverka naturtypene er heim for mange trua og nær trua plantar, sopp og insekt. Opphøyr av bruk bidreg sterkt til attgroing, og er vurdert å være det største trugsmålet for slike naturtyper. Beitedyr er av stor betydning for å kunne halde i hevd dei kulturpåverka naturtypane i seterområda, og geit er i ei særstilling som «kulturlandskapspleiarar». Oppstart av geitmjølkeproduksjon i Finndalen landskapsvernområde vil være positivt for verneverdiane, ved at kulturlandskapet i seterområdet blir halde naturleg i hevd gjennom bruk.

I setermiljøet som i kulturlandskapet elles, utgjer også bygningane eit vesentleg element. Setring er dokumentert i Finndalen minst attende til 1700-tallet, men det er i tillegg registrert hustuftar frå forhistorisk tid eller tidleg middelalder i området. Etter Storfosens herjingar i juli 1789 ble seterhusa på Gammelsterringen flyttet over Finna til dagens plassering på Sterringen seter.

Søkjarane har gard i Skjåk og er aktive husdyrprodusentar og beitebrukarar, med både storfe (ammeku), hestar og boergeit på utmarksbeite i Finndalen. I 2005 bygde dei nytt seterfjøs for mjølkeku på setra, og dreiv med kumjølkeproduksjon på Sterringen seter fram til 2015. Eksisterande seterfjøs er derfor relativt nytt og i god stand, men må byggjast om innvendig frå ku til geit, og det krev større liggjeareal inkludert kraftfosilo. Søkjarar har med auka dyretal eit driftsmessig behov for utviding av seterfjøset.

Søkjarane fekk dispensasjon til nytt tilbygg på 12 m x 6 m i sak 35/2024, og det har vore gjennomført synfaringar der fjellstyre, Lom kommunen og forvaltar har deltatt. I tillegg har det vore god dialog med forvaltar undervegs.



Foto over viser eksterande seterfjøs sett frå sørsida, mot nord, og utviding av fjøset skal være i lengderetning mot aust. Taket skal dekkast med solcellepanel som på eksisterande takflate, for strømforyning til mjølkeanlegg. Ei utviding av solcelleanlegget, supplert med vindmølla, vil søkjar ikkje ha behov for dieselaggregat i drifta.

Tilbygget i lengderetning oppført i reisverk med same vindaugsopningar, vil harmonere godt med det eksisterande seterfjøs. På taket er det i dag solcellepanel mot sør, og ei utviding av takflata med solcellepanel som på eksisterande takflate mot sør, vil ikkje vera synleg frå Finndalsvegen, og er vurdert og ikkje verke skjemmande i landskapsbilete.

Ytterlegare utviding vil ikkje føre til ulempe for verneverdiane og vil ikkje danne nemneverdig kontrast til eksisterande busetnad eller skjemmande i landskapet. Tvert imot er byggetiltaket positivt, da formålet er aktiv seterdrift med mjølkegeit som vil ha positiv verknad på kuturlandskapet, og som kan bidra til å hindre attgroing.

Kunnskapsgrunnlaget (nml § 8) er godt dokumentert i naturbase, artsdatabase, og gjennom forvaltningsplanarbeidet, fagrapportar, og skjøtselsplanarbeidet i Finndalen. Føre-var-prinsippet (nml §9 ) vert ikkje vurdert som relevant i denne saka. Tiltaka vil heller ikkje påverke miljøet i særleg negativ retning. Påverknader på miljøet i området totalt sett er minimal, jf. økosystemtilnærming og samla belastning, nml. § 10.

Byggetiltaket er knytt til eit gardsbruk i aktiv drift, og vil ikkje føre til presedensverknad ved mange liknande søknader. Tiltaket vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane negativt.